



Jan H. Sunde, utflytta uskedeling, er ein av mange som kjem til bygda for å vera frivillig.

**Utan frivillige - ingen Festidal, vert det sagt i mange samanhengar. Frivilliggruppa er stor og variert, heile 150 personar frå lokalmiljøet, men også tilreisande frå eit stort geografisk område. Jan H. Sunde som bur fast i Bergen, kjem kvart år heim til Uskedalen for å vera frivillig på Festidalen, ikkje ein av dagane, men begge. Han er berre ein av mange som gjer ein stor innsats.**

Det er fjerde gongen Jan H. Sunde er med på Festidalen. Sunde er kjend frå reiselivet i Bergen, frå 1971 som leiar for bussturane i Run Way Norway, frå 1992 i Run Way Unitur det som frå 2008 vart Tide. Etter han vart pensjonist starta han på nytt slik han starta med Run Way Norway. I tillegg har Jan Sunde vore aktiv i Bergen Næringsråd mellom anna i arbeidet med å skaffa Bergen store og internasjonale kongressar innan tema resieliv. Den utflytta reiselivsmannen er svært imponert over den gode organiseringa og den flotte stemninga han opplever på Festidalen. Han møter så mykje kjekke gjester og han poengterer den viktige og gode marknadsføringa denne flott festivalen er av barndomskommunen hans. Det er tydeleg at Sunde som no har passert 70 med god margin, set stor pris på Festidalen og barndomsbygda si.

Sunde er ikkje åleine om å ta vakt begge dagar. I lokalavisen har vi lese om Tove Skår og Bente Haugen. På facebook kunne vi lørdag føremiddag sjå at Renate Koløy posta ein status som fortalde at det hadde vore så kjekt å vera vakt fredag at ho hadde bestemt seg for å vera frivillig på lørdag og sjølv om ho kunne gått gratis som gjest. Søndag fulgte ho opp med å fortelja at ho ikkje hadde angra eit sekund på denne avgjerda.



Ei gruppe frivillige på plass i teltet for sal av t-skjorter og andre festivalvarer.

Også mange som er busett andre stader 'dobla'. Rune Eikeland, frå Stord, som har fritidsbustad på Eikelandet Brygge, var frivillig for første gang i fjor. I år var han vakt både fredag og lørdag. Odd Skjoldal frå Samnanger, fast feriegjest på Øyro Camping, har vore trufast frivillig på Festidalen i mange år, både som vakt og i riggegruppa. I år jobba han i riggegruppa før og etter sjølve festen. I tillegg var han vakt fredag. Katarina Uherek frå Slovakia og Omvikdalen var vakt lørdag i tillegg til at ho jobba i riggegruppa då ho var frivillig før første gang i år. Dei som er nemnde her er gode eksempel på **alle** dei flotte frivillige som gjer denne fantastiske sommarfesten mogeleg. Og alle er med for at dei synes det er så jysla kjekt å vera ein del av dette fellesskapet.



William, Ella Karina, Johannes, Nora og Janne Hjørnevang er eksempel på heile familiar som gjer dugnad for Festidalen.

Eit anna flott trekk i frivilligruppa er heile familiar som stiller opp både før, under og etter festivalen. Eit døme på dette er familien Hjørnevang som styrte 'brusbua' på lørdagskvelden. Fleire andre familiar kunne vore nemnt. Tenk for ein flott start på ferien, og den fellesskjensla det gir!

Avlutningsvis sit vi med dårleg kjensle for at vi ikkje har nemnt alle dei nøkkelpersonane som står på for Festidalen gjennom heile året. Til dei vil vi berre seia: tusen takk for at vi får ta del i denne festen både som frivillige og som gjester.

Tekst, foto og nett: Kristian O. Bringedal og Thor Inge Døssland